

Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	29/2020	Arkiv nr.:		Møtedato:	14.12.20
Saksbehandlar:	Magny Hilde				

Referat og meldingar..

- A. 201002 E-post frå NVE. Årlig tilbakemelding om transport NVEs bremålinger i Jotunheimen i 2020
- B. 201013 Kopi av e-post mellom Statskog og Lom kommune. Bru over Vesleåi ved Langedalen
- C. 201026 Jotunheimen NP - Gjetarbu på Gjendetunga - Referat frå synfaring 28. august - Lom Tamrein AS og Vågå Tamrein AS
- D. 201028 Brev frå revisor - Revisors uavhengighet
- E. 201108 Rapport frå Reinheimen-Breheimen villreinutval. Villreinjakt 2020.
- F. 201027 Kopi av brev frå Statskog. Mangelfullt gjerde rundt seterkrve Glåmbakken - feste 194(1)
- G. 201030 Vedtak frå Breheimen NP – Disp skutertransport Per Arne Vole. Breheimen 2020.
- H. Referat frå Jotunheimen NP - Gjetarbu på Gjendetunga - Referat frå synfaring 28. august - Lom Tamrein AS og Vågå Tamrein AS
- I. 201026 E-post mellom Lom kommune og Lom fjellstyre om innmålte grenser for arealfestet på Sognefjellshytta
- J. 201002 Kopi av årlig tilbakemelding om transport NVEs bremålinger i Jotunheimen i 2020
- K. Delegert vedtak - Jotunheimen NP - motorferdsel 2021-2025 - snømålinger - Glommens og Laagens Brukseierforening
- L. 201119 E-post frå Statskog. Grunneiers tillatelse til tiltak ved Ilva
- M. Unntatt offentlegheit, jf. § 21 i offentleglova.

Sak nr.:	30/2020	Arkiv nr.:	612.0	Møtedato:	14.12.2020
Saksbehandlar:	Åsmund Galde				

Høyringssak. Forslag til endring av viltlova.

Sakspapir:

- Høyringsdokument og fylggebrev frå fjellstyresambandet sendt 3. november 2020

Saksutgreiing:

Landbruks- og matdepartementet foreslår, i samarbeid med Klima- og miljødepartementet, endringar i lov om jakt og fangst av vilt (viltlova) og forskrift om utøving av jakt, felling og fangst (utøvningsforskrifta).

Møtebok – Lom fjellstyre

Forslaget inneber at synleg, bevegeleg lys og nattoptikk kan brukast ved ordinær jakt på villsvin med visse begrensingar. Forslaget vil bidra til at regjeringas målsetting om færrest mogleg villsvin spreidd over eit minst mogleg område blir fylgt opp.

I tillegg foreslår departementa ei tydeliggjering av kva som ligg i begrepet «kunstig lys» i viltlova, og ei tydeleggjering av skillet mellom ordinær jakt og fangst av haustbare artar og avliving av vilt etter naturmangfaldlova.

Det blir og foreslege strukturelle endringar ved å samle og vidareføre gjeldande unntak frå forbodet mot bruk av kunstig lys i utøvingsforskrifta.

Norges Fjellstyresamband foreslår å støtte endringane, fjellstyre som ikkje er einige eller har andre innspel blir bede om sende dette til NFS innan 15. desember.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret har ikkje merknader til forslaget.

Vedtak:

Som framlegget. Samrøystes.

Utskrift går til:

- Norges fjellstyresamband – som e-post.

<i>Sak nr.:</i>	31/2020	<i>Arkiv nr.:</i>	434.4	<i>Møtedato:</i>	14.12.2020
<i>Saksbehandlar:</i>	Åsmund Galde				

Leir- og Bøverdalen statsallmenning.

Søknad om fornying av løyve. Grunneigars løyve til køyring med snøscooter i samband med førebuing av sommarski-sesongen, og preparering av løype over Sognefjellet i påska.

Sakspapir:

- E-post den 1.11.2020 frå Sognefjellet Sommarskisenter v/Ove Fortun vedlagt søknader.

Saksutgreiing:

Sognefjellet Sommarskisenter v/Ove Fortun har med e-post den 1.11.2020 søkt om fornying av løyve til:

1. Preparering av løype over Sognefjellet i påska.
2. Køyring med snøscooter frå Luster grense til Sognefjellshytta med to scooterar i perioden 1.3. – 1.5. i samband med preparering/førebuing av sommarskiløype ved Sognefjellshytta.

Søknadane gjeld for perioden 2021 – 2026.

Møtebok – Lom fjellstyre

Preparering av skiløypa over Sognefjellet i delar av påska har i varierende grad vore gjennomført sidan 2012. Prepareringa av løypa over fjellet er sterkt vêravhengig. I uroleg vêr har dette inga hensikt, og enkelte påsker har dette derfor nesten ikkje medført noko køyring i det heile teke. Når tilhøva har lege til rette for løypepreparering, har tilbodet vore godt motteke av brukarane.

Køyringa med snøscooter i samband med førebuinga av sommarsesongen ved Sognefjellshytta er heimla i lov om motorferdsel i utmark, og har tidlegare vore varsla til fjelloppsynet som føreset.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret gjev grunneigars løyve til køyring i samband med preparering av skiløypa over Sognefjellet i påskehelga på den delen som ligg i Leir- og Bøverdalen statsallmenning, slik det vert søkt om. Det er ein føresetnad at trassen blir lagt langs vegen som synt til i kartskisse vedlagt søknaden og at tur/retur fylgjer same trase.

Fjellstyret gjev løyve til køyring med to snøscooterar frå Luster grense til Sognefjellshytta i samband med førebuing av sommarskiløyper ved Sognefjellshytta i perioden 1.3. – 1.5. Fjelloppsynet skal ha melding når køyringa skjer.

Løyva gjeld for perioden 2021 – 2026.

Vedtak:

Som framlegget. Samrøystes.

Utskrift går til:

- Sognefjellet sommarskisenter – som e-post
- Statskog SF – som e-post

Sak nr.:	32/2020	Arkiv nr.:	612.0	Møtedato:	14.12.2020
Saksbehandlar:	Åsmund Galde				

Høyringssak. Forslag til endring av forskrift om utøving av jakt, felling og fangst.

Sakspapir:

- Høyringsdokument frå miljødirektoratet og fylggebrev frå Fjellstyresambandet sendt 27.10.2021.

Saksutgreiing:

Miljødirektoratet foreslår endringar i forskrift om utøving av jakt, felling og fangst.

Forslaget inneber ei presisering og modernisering av begrepsbruken knytta til jegerprøveopplæringa og ei presisering av gjennomføringsalternativ og tidsrom/bruk for jegerprøvekurset. I tillegg blir det foreslege å endre kravet til rifleammunisjon for

Møtebok – Lom fjellstyre

sturviltjakt, slik at det blir mogleg å nytte homogene, blyfrie kuler i kaliber 6,5 til sturviltjakt.

Norges Fjellstyresamband foreslår å støtte endringane i forskrifta, fjellstyre som ikkje er einige eller har andre innspel blir bede om sende dette til NFS innan 15. desember.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret har ikkje merknader til forslaget.

Vedtak:

Som framlegget. Samrøystes.

Utskrift går til:

- Norges fjellstyresamband – som e-post

Sak nr.:	33/2020	Arkiv nr.:	141.9	Møtedato:	14.12.2020
Saksbehandlar:	Magny Hilde				

Søknad om stønad frå fjellkassa.

Formål: Driftstilskot til Storådalen beitelag.

Sakspapir:

- Søknad dagsett den frå Storådalen beitelag.

Saksutgreiing:

Med brev dagsett den 01.12.2020 har Storådalen beitelag v/Hans Erik Kolden søkt om kr. 25.000 i stønad til fellesdrifta for storfe i Gjendebuområdet i 2020.

Det vart slept 105 ungdyr/kalvar (140 dyr i 2019) på beite. Det har ikkje vore tap dette året. Beitesesongen varte frå 9.juli til 12.september.

Det var leigd inn to gjetarar i deltid i tillegg til stor eigeninnsats frå dyreeigarane.

Beitelaget har utført noko skjøtselarbeid i området rundt Gjendebu, og har utført ein del vedlikehald på gjerde.

Beitelaget har ikkje hatt transportoppdrag for andre dette året.

Som i fjor nemner dei at den nye brygga på Gjendeosen ikkje er ferdig. Dei ønskjer eit samarbeid med Lom fjellstyre og Statens Vegvesen for å få til ei best muleg løysing for lessing og lossing.

Resultatrekneskap vil bli ettersendt.

Beitelaget takker i søknaden for samarbeidet og viktig økonomisk støtte.

Møtebok – Lom fjellstyre

Opplysningar og merknader:

Det er hittil i år ikkje løyvd pengar av det avsette beløpet på kr 100.000. Kr 50.000 av desse er avsett til driftstilskot for fellesdrifter, dei resterande kr 50.000 er avsett til andre tiltak i allmenningen og til allmennyttige tiltak.

Det har kome 2 søknader om tilskot til fellesdrifter:

- Storådalsdrifta – kr 25.000 til drift
- Veodalsdrifta – kr 25.000 til drift

Tiltaket oppfyller krava til stønad frå fjellkassa.

Forslag til vedtak:

Fjellstyret løyver kr.25.000 i driftstilskot til Storådalen beitelag for året 2020.

Vedtak:

Som framlegget. Samrøystes.

Utskrift går til:

- Storådalen beitelag v/Hans Erik Kolden – som e-post
- Statskog SF – som e-post
- Rekneskapsføraren – som e-post

Sak nr.:	34/2020	Arkiv nr.:	141.3	Møtedato:	14.12.2020
Saksbehandlar:	Magny Hilde				

Søknad om stønad frå fjellkassa.

Formål: Driftstilskot til Veodalen beitelag.

Sakspapir:

- Søknad datert den 30.11.2020 frå Veodalen beitelag.

Saksutgreiing:

I brev av 30.11.2020 har Veodalen beitelag v/ Lom avløyssarlag søkt om driftstilskot kr 25.000 til fellesdrifta for storfe i Veodalen i 2020.

I år var 86 storfe på beite (122 dyr i 2019) fordelt på 7 husdyreigarar. Beiteperioden var frå ca 1.juli til 11.september. Det har vore tilsett ein gjetar, og husdyreigarar har delteke ved slepp og sanking. Det har ikkje vore tap.

Totale driftskostnader i 2020 er 101.441 kr. Gjetarkostnadane inkludert frakt er kr 1179,- pr dyr, ei stor auke frå året før. Rekneskap er vedlagt søknaden. På inntektssida er tilskot frå regionalt miljøprogram kr 5490, kommunalt tilskot på maks 31.500 kr for drift/gjeting og innbetaling frå dyreeigarar for frakt av dyr.

Veodalen beitelag søkjer om eit driftstilskot for 2020 på 25.000 kr frå Lom Fjellstyre.

Møtebok – Lom fjellstyre

Beitelaget takker i søknaden for godt samarbeid.

Opplysninger og merknader:

Det er hittil i år ikkje løyvd pengar av det avsette beløpet på kr 100.000. Kr 50.000 av desse er avsett til driftstilskot for fellesdrifter, dei resterande kr 50.000 er avsett til andre tiltak i allmenningen og til allmenntillegte tiltak.

Det har kome 2 søknader om tilskot til fellesdrifter:

- Storådalsdrifta – kr 25.000 til drift
- Veodalsdrifta – kr 25.000 til drift

Tiltaket oppfyller krava til stønad frå fjellkassa.

Forslag til vedtak:

Fjellstyret løyver kr.25.000 i driftstilskot til Veodalen beitelag for året 2020.

Vedtak:

Som framlegget. Samrøystes.

Utskrift går til:

- Veodalen beitelag v/Lom avløyssarlag v/ Kjell Kvålshagen – som e-post
- Statskog SF – som e-post
- Rekneskapsføraren – som e-post

Sak nr.:	35/2020	Arkiv nr.:	612	Møtedato:	14.12.2020
Saksbehandlar:	Åsmund Galde				

Uttalesak. Leir- og Bøverdalen statsallmenning. Søknad frå Netosetervegen og Netoseter beitelag om uttak av grus frå grustak.

Sakspapir:

- E-post frå Netosetervegen og Netoseter beitelag 23. oktober 2020
- E-post frå Statskog SF sendt 23.oktober 2020
- Sak 5393/2020 i Lom kommune. Løyve til uttak av grus til landbruksveg.

Saksutgreiing:

Statskog SF ber i e-post sendt 23. oktober 2020 om fjellstyret si uttale i samband med søknad frå Netosetervegen og Netoseter beitelag om uttak av grus frå eksisterande grustak ved Netoseter.

I søknaden skriv dei:

Møtebok – Lom fjellstyre

«Vi som har seter på Netosetra har i alle år teke ut grus frå eit grustak ved setrane, Dette har av ein eller annan grunn havna i ei naturtypesone med påfylgjande stopp av uttak. Dette vart gjort utan at nokor form for høyring. Vi har nå fått handsama saka etter forskrift om landbruksveg og på nytt fått løyve til å taka grus der at. Om det frå tidlegare ligg noko løyve frå grunneigar, eller dette berre har vore rekna som ein allmenningsrett veit eg ikkje, men ser det som vanleg folkeskikk å spørja grunneigar om lov eg. Håper dykk kan gje vidare løyve til uttak.

Plassen er godt framstilt i vedlagt sak så eg skriv ikkje meir om det.»

Lom kommune har i sak 5393/2020 gjeve løyve til å ta ut inntil 500m³ grus frå grustaket, noko som anslagsvis er resterande mengde av grus i lokaliteten.

Opplysninger og merknader:

Saka er ei grunndisponering etter §12 i fjellova der fjellstyret skal ha høve til å kome med uttale før Statskog SF gjer vedtak.

Saka er i kommunen si behandling grundig vurdert i forhold til negative konsekvensar for miljøverdiar i området, påverknad på vassdrag og føresegnene i naturmangfaldlova. Fjellstyret skal i si behandling vurdere om tiltaket er til vesentleg skade for nokon med bruksrett, men står og fritt til å uttale seg om andre sider av saka.

Drift og vedlikehald av vegane i seterområda er naudsynt for ei rasjonell utøving av bruksretten, og legg til rette for utøving av jakt- og fiske og friluftsliv. Transport av grus over lengre avstandar er kostbart, og inntektsgrunnlaget til veganlegga er ofte små. Det er tidlegare teke ut masser frå fleire sider av ryggen, og vegetasjonen på lokaliteten er ikkje lenger typisk for den registrerte naturtypen «naturbeitemark» i området rundt.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret tilrår at Statskog SF gjev løyve til uttak av grus som omsøkt, og på dei vilkåra som er nemnde i løyvet gjeve frå kommunen.

Vedtak:

Som framlegget. Samrøystes.

Utskrift går til:

- Netosetervegen v/ Erling Dagsgard – som e-post
- Statskog SF – som e-post
- Lom kommune – som e-post

Sak nr.:	36/2020	Arkiv nr.:	021/111.1	Møtedato:	14.12.2020
Saksbehandlar:	Åsmund Galde				

Forslag til årsplan og budsjett for 2021.

Møtebok – Lom fjellstyre

Sakspapir:

- Budsjettforslag 2021.

Merknader til budsjettet og framlegg til årsplan:

Personell.

Fjellstyret har i 2020 hatt desse tilsette:

- Åsmund Galde dagleg leiar/fjelloppsyn i 100% stilling.
- Magny Hilde, kontormedarbeidar i 30 % stilling
- Eilev Hellekveen, sesongoppsyn frå 15. mai til 10. desember.
- Odd Repp, sesongoppsyn i inntil 20% stilling etter behov.

Med bakgrunn i coronasituasjonen og usikkerheit knytt til m.a. tjenestekjøp og aktivitet elles, vart det ikkje tilsett sesongoppsyn i sommarmånadane slik som det har vore tidlegare år. I ettertid ser vi at aktiviteten vart høg, og at tjenestekjøpet til SNO vart høgare enn budsjettet. Auka i tjenestekjøpet frå SNO kjem av skjøtselsoppdrag knytt til stirestaurering som i utgangspunktet var tenkt løyst av sherpaer frå Nepal. Grunna innreiserestriksjonar vart dette utført av oss.

Behovet for sesongoppsyn utover dagleg leiar/fjelloppsyn i 2021 vil vera noko avhengig av kor stort tenestesalet til SNO vert. Dette er aldri klart før SNO har fått klart budsjettet sitt på vårparten, men vi har fått signal om omtrent same nivå som dei siste åra. Statsbudsjettet som er varsla så langt, tilseier ikkje noko auke av refusjonen for oppsyn i statsallmenning, så denne posten i budsjettet er uendra. I budsjettframlegget er det lagt opp til sesongoppsyn av same storleik som dei siste åra, ei stilling på 7mnd og ei på 2 mnd storleik. Sesongoppsyna i år var mellombels tilsette og det kan være aktuelt å vurdere fordeling av storleiken mellom stillingane framfor neste sesong.

Dagleg leiar er ute i 20% fedrepermisjon komande år, det er difor ynskjeleg å få dekt opp dette fråværet gjennom året gjennom innleige av ekstrahjelp. Det er budsjettet med 100% stilling på dagleg leiar, ein har difor dekning i budsjettet for å tilsette ekstrahjelp.

Fjellstyret - møteverksemd.

Tidspunkt for møta vil bli tilpassa saksmengda og behovet for rask handsaming av enkelte saker. Administrasjonen vil varsle styremedlemene om tidspunkta for møta så snart desse er tidfesta. Det vert lagt opp til seks ordinære fjellstyremøte i løpet av året. Det vert hovudsakleg lagt opp til kveldsmøte.

Dersom det kjem saker til behandling som fordrar synfaring føreåt, vert denne synfaringa lagt til juni månad. Til denne synfaringa vert også andre partar med uttalerett eller avgjerdsmynde inviterte. Saker som dukkar opp i løpet av sommaren, kan gjera at det blir behov for ei synfaring att også på haustparten.

Bruksrettssakene og forvaltningssakene som fortløpande kjem inn til behandling av fjellstyret, har førsteprioritet av sakene.

Oppsynsverksemd-administrasjon.

Møtebok – Lom fjellstyre

Forvaltninga av bruksrettane og administrasjon av jakt og fiske, saman med administrasjon og tilsynet med alle fjellstyrehyttene, er dei viktigaste oppgåvene for dei tilsette. Vi kjem til å starte med revidering av seterregisteret komande vinter, dette arbeidet vil bli fordelt over 2-3 år.

Tenestesalet til SNO krev at dette vert sterkt vektlagt spesielt i sommar-månadene. SNO-Jotunheimen har det største tenestekjøpet. Dette er ein brukspark med stor besøksmengde ei avgrensa tid av året, som gjer at behovet for oppsyn og informasjonsarbeid er absolutt størst i sommarferietida, og vil bli prioritert da.

I 2020 byrja administrasjonen med ein revisjon av internkontroll og HMS system for fjellstyret, men i påvente av ei avklaring frå fjellstyresambandet kring eit felles system vart dette sett på vent. Det blir lagt opp til å slutføre dette arbeidet og få vedteke ny internkontroll og HMS system innan våren 2021.

Det er eit mål å intensivere bruken av heimesida og sosiale nettverk som Facebook og Instagram, men dette er ressurskrevjande og må spesielt i sommarsesongen prioriterast mot andre naudsynte arbeidsoppgåver. Det er att noko arbeid med digitalisering av arkivet, dette blir gjort når det er ledig tid til det.

Det har kome signal om at avtala med SNO om jervsporing og hilokalisering av jerv blir vidareført i same omfang som tidlegare år. Avtala med NVE om snømåling på Sognefjellet står ved lag. Når det gjeld transport i tilknytning til bremålingane i Jotunheimen har vi fått signal om auka oppdragsmengde. Det er ynskjeleg at vi kan bistå med utføring av bremålingar på enkelte lokaliter.

Auka bruk av fjellstyrehyttene gjer at behovet for transport av ved og gass og nødvendig utstyr for vedlikehald og reparasjonar av fjellstyrehyttene er større enn før. Dette arbeidet vert prioritert i perioden april-juni.

I tillegg til oppsyn med jakta i haustmånadene kjem fiskeutsetting, ettersyn og klargjering av hyttene før vinteren. Stor auke i fellingskvotane siste åra, utviding av jakttida og innføring av korttidsjakt på restkvote/tilleggsdyr medfører meirarbeid med administrasjon og oppsyn.

Arrangement og tiltak som skal gjennomførast med atterhald om restriksjonar knytt til covid19:

- "Barske glæder" – fyrste halvdel av mars, i samarbeid med Norsk Fjellsenter og SNO.
- Familiefiskedag ved Dalsvatnet – i månadsskiftet juni-juli, eige arrangement.
- Friluftsgruppa ved Lom v.g.s. – transport og utsetting av settefisk på Langvatnet, i slutten av august.
- Veodalsturen med 7. klassingane i Lom – orientering om fangstanlegg og om Veodalen, utsetting av fisk og prøvefiske, overnatting i lavvo ved Grønua, i fyrste halvdel av september.

Jakt og fiske.
Fiske.

Møtebok – Lom fjellstyre

Utsetting av settefisk skjer etter ein eigen plan for dette. Det er planlagd prøvefiske på Svarttjønnna i Dumdalen.

Båtar med redningsutstyr som er utplasserte på fire forskjellige vatn for utleige, krev noko ettersyn og småreparasjonar gjennom sommarhalvåret.

Lom fjellstyre har administrasjonen av ordninga med Jotunheimen-kortet, felleskortet med Vågå og Luster. Nettsalet av fiskekort har vore aukande, og vi har kuttet ned på talet av kortsalstader. Dette gjeld vesentleg dei med minst omsetning. Dette har minskt arbeidet noko med å administrere kortsalet.

Småviltjakt.

Trekkinga av småviltjakkort til utanbygds vart frå siste året gjort av Inatur.no . Dette resulterte i at organiseringa og arbeidet med dette vart vesentleg enklare enn før. Men ennå krev dette ein del innsats i vårmånadene, ikkje minst kontakta pr. telefon som mange av jegerane ynskjer.

Rypetaksering av lirypebestanden i dei tre områda Veodalen, Sålell og Leiråsen to helger i månadsskiftet august-september. Dette skjer med hjelp frå fuglehund-eigarar. Administrasjon og organisering av jaktkortsalet i september månad.

Storviltjakt.

Fjellopsynet er sekretær og representant for fjellstyret i Bøverdalen viltområde, og representerer fjellstyret i Skaihø v.o. Møteverksemd i april og mai for å fastsetje kvotar og drøfte endringar i bestemmelsane framfor ny sesong. Observasjon og registrering av bestandsforholda for storvilt blir gjort i løpet av vinteren og våren for å kunne fastsetje kvotene best mogleg.

Administrasjon av enkeltkort for hjortejakt i november månad krev noko ekstra arbeid, men er ei ordning som har vorte godt motteke, fungerer godt og er medvirkande til auka fellingsresultat.

I tillegg til oppsyns- og kontrolloppgåver på statsallmenningen, har oppsynet dei siste åra også teke oppdrag både frå Meadalen grl. og Vårdalen grl./Vårdalen utmarkslag. Det er grunn til å tru at dette tenestesalet, som ikkje har noko stort omfang, vil halde fram.

Hyttene.

Jamleg ettersyn, supplerings av utstyr og nødvendig vedlikehald som beising og reingjering gjennom heile sesongen, samt forsyning med ved og gass. Ettersyn og oppfølging av brannvern- og sikringsutstyr, instruksar og dokumentasjon knytt til dette.

Det er planlagd og budsjettert med kostnader knytt til tetting og utbedring av tak og pipegjennomføring på Heranosbua og hytta på Bøvertjønnene. Dette vil bli utført før sommarsesongen set i gang for fult.

Forslag til vedtak:

Fjellstyret godkjenner forslaget til årsplan og budsjett.

Møtebok – Lom fjellstyre

Vedtak:

Som framlegget. Samrøystes.

Utskrift går til:

- Statskog SF – som e-post
- Rekneskapsføraren – som e-post

Sak nr.:	37/2020	Arkiv nr.:	141.1	Møtedato:	14.12.2020
Saksbehandlar:	Magny Hilde				

Søknad om stønad frå fjellkassa. Tilskot til drift og vedlikehald av Prestsetervegen

Sakspapir:

- 03.12.20 Søknad frå styret i Prestsetervegen v/ Bjørnar Brustuen

Saksutgreiing:

Med brev dagsett den 3.12.2020 søker styret i Prestsetervegen om støtte til drift og vedlikehald til vegen. Det er ikkje søkt om nokon sum.

Søkjaren skriv at økonomien er anstrengt på grunn av ein del påkostningar i sommar, og bominntektene er for små i forhold til utgiftene.

Vegen er nytta av bruksrettshavarar, hytteeigarar, jegerar og turgåarar.

Søknaden viser utgifter på om lag 66.000, fakturaer vedlagt, og bominntektene er estimert til 30.000 – 40.000 kr. I tillegg opplyser dei at grusen dei har grove fram skulle vore sortert og kjørt på. Dette er ein kostnad som sist det vart gjort, kom på kr. 160 000, og at det med inntektene dei har i dag vil gå mange år før dette blir gjort.

Opplysningar og merknader:

Det er hittil i år ikkje løyvd pengar av det avsette beløpet på kr 100.000. Kr 50.000 av desse er avsett til driftstilskot for fellesdrifter, dei resterande kr 50.000 er avsett til andre tiltak i allmenningen og til allmenntilrette tiltak.

Med denne søknaden, har det kome 3 søknader om tilskot til fellesdrifter:

- Storådalsdrifta – kr 25.000 til drift
- Veodalsdrifta – kr 25.000 til drift
- Prestsetervegen – ingen sum

Det omsøkte tiltaket oppfyller krava til stønad frå fjellkassa.

Vedtak:

Med bakgrunn i det arbeidet som er gjort, og dokumenterte kostnader knytt til dette, løyver fjellstyret 30 000 til Prestsetervegen.

Møtebok – Lom fjellstyre

Samrøystes.

Utskrift går til:

- Styret i Prestsetervegen v/ Bjørnar Brustuen – som e-post
- Statskog SF – som e-post
- Rekneskapsføraren – som e-post

Sak nr.:	38/2020	Arkiv nr.:	612.0	Møtedato:	14.12.2020
Saksbehandlar:	Åsmund Galde				

Høyring. Endring av forskrift om jakt, felling og fangst på statsallmenning.

Sakspapir:

- Høyringsdokument frå Miljødirektoratet og høyringsnotat frå fjellstyresambandet sendt 9. desember. 2020.

Saksutgreiing:

Miljødirektoratet foreslår å oppheve gjeldande forskrift om jakt, fangst, felling og fiske på statsallmenning og erstatte denne med ny. Forslaget er nå sendt ut på høyring med høyringsfrist 15. februar. I høyringsbrevet samanfattar miljødirektoratet forslaget sitt slik:

«Miljødirektoratet foreslår å oppheve gjeldende forskrift og erstatte denne med en ny fremfor å gjøre endringer i gjeldende forskrift. Bakgrunnen for dette er at det ved denne revisjonen, i tillegg til den vanlige justeringen av prisrammene, er foretatt en større omstrukturering av forskriften. Deler av forskriften bar preg av å være revidert flere ganger, og enkelte av bestemmelsene fremsto som uryddige, og også delvis uklare. Enkelte bestemmelser er flyttet og samlet i egne paragrafer, mens noen paragrafer er delt opp og systematisert på en ny måte. I tillegg er det gjort flere språklige endringer for å gjøre forskriften mer lesbar. Det foreslås noen mindre materielle endringer i forskriftens innhold som beskrives mer nedenfor. Prinsippene i gjeldende forskrift videreføres i den nye forskriften.»

Norges fjellstyresamband har laga eit utkast til høyringsinnspel som dei sendte ut til fjellstyra i slutten av førre veke. Dei ber om fjellstyra sine innspel på utkastet innan 1. februar 2021. NFS vil samenfatte innspela, gjere nødvendige endringar og legge fjellstyras uttalar ved NFS sitt innspel til miljødirektoratet. NFS seier i sitt forslag til uttale at dei meiner at *«forskrifta generelt blitt mye bedre enn tidligere. Det er ryddet og fjernet mye unødvendige reguleringer og formuleringer. Den har blitt oversiktlig og grei og er enklere å finne fram i. Elg/hjortejakt er bedre integrert sammen med bestemmelser om annen jakt. Forskriften gir et godt rammeverk rundt fjellstyrenes administrasjon av jakt og fiske. Innenfor rammene gis det fremdeles muligheter for lokale tilpasninger, for eksempel i forhold til hvordan jaktlag på villrein skal organiseres og hvordan kort kan tildeles næringsliv og kobles mot fjellstyrehytter.»*

Opplysninger og merknader:

Møtebok – Lom fjellstyre

Forslaget til høringsuttale frå NFS kom for stutt tid sidan og det har difor ikkje vore tid til å gått grundig gjennom høyringsforslaget. Frist for merknader til NFS er sett til 1. februar, før neste fjellstyremøte. Saka blir difor lagt fram utan vidare saksutgreiing.

Vedtak:

Dagleg leiar får fullmakt til å gå grundigare gjennom saka og vurdere om det skal sendast inn merknader til forslaget frå NFS. Forslag til uttale blir sendt fjellstyremedlemmane til godkjenning før uttala går vidare til NFS.

Samrøystes.